



## KYSTVERKET

Vest

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Dykker ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:  
2020/1316-2 Turid Susort Jansen 28.05.2020

### Fråsegn til planprogram og kommuneplanen sin samfunnsdel - Alver kommune - Vestland fylke

Syner til brev datert 15.4.2020 om ovannemnde.

Formannskapet i Alver kommune har vedtatt start av arbeid med ny kommuneplan. Planprogrammet legg føringar for det vidare arbeidet, og kommunen har som mål å sikre ein heilskapleg og planstyrt utvikling av den nye kommunen. Samfunnssdelen til kommuneplanen skal i følge planprogrammet innehalde arealstrategiar. Alver kommune bør planlegga sjøareala innanfor si kommunegrense.

I den vidare planlegging av sjøområda ønsker vi at kommunen tar med følgande:

- Farleier:** Kommunen si arealplanlegging skal sikre tilstrekkelig areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken, og det må takas omsyn til farleier (hovud- og bileier) i kommunen sitt sjøareal. Farleistreka indikerer skipstrafikken, men syner ikkje ei definert avgrensing av farleia. Farleiarealet finn ein i Kystverket sitt digitale kart «Kystinfo» under temalag «Farled og merker» med undertema «Hoved- og bilei, arealavgrensing».
- Ankringsområder:** Kystverket har registrert områder som er satt av til ankring av skip, og desse ankringsområda er viktige for tryggeiken og beredskapen for sjøtrafikken langs kysten. I Fensfjorden har vi ankringsområdet «Fonnesflaket», som ligg både i Alver og Austrheim kommune.
- Navigasjonsinnretningar:** For å trygge ferdsla i sjøområda kan det verta behov for nye anlegg til navigasjonsinstallasjonar, og eksisterande anlegg treng fornying og vedlikehald. Vi ynskjer at det i kommuneplanen vert gitt ein generell aksept for etablering av anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar ved at det vert tatt med i føresegna til arealplanen.
- Akvakultur:** Akvakultur ekskluderer andre føremål som farlei og ferdsel. Der akvakultur vert planlagt er det viktig at farleia vert synt med både stripla hovud- og bileier, og med faktisk naudsint areal til skipstrafikken.
- Fiske:** Om det vert brukt underføremål «Fiske» i farvatn som også har status som hovud- eller bilei, er det viktig at areal vert gitt underføremål både ferdsel og fiske.
- Småbåthamner:** Småbåthamn i kombinasjon med «Hamn» kan vera uheldig. Småbåthamna og fritidsbåtane kan verta påført skade frå større fartøy på grunn av manøvrering og propellvatn.

#### Regionkontor Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	<a href="http://www.kystverket.no">www.kystverket.no</a>
For besøksadresse se	<a href="http://www.kystverket.no">www.kystverket.no</a>	Bankgiro:	7694 05 06766	E-post:	<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no) Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ser om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Det er viktig at nabokommunar har dialog i arealplanlegga, og det bør vere samsvar i arealføremåla inn mot nabokommunen sitt sjøområde. Dette gjeld særlig i fjordar der kommunegrensa går i fjorden, og kor dette har verknad for arealbruken.

Til orientering kan ein finne informasjon om til dømes farleier og navigasjonsinstallasjonar på Kystverket si kartteneste [Kystinfo.no](#), og statistikk over skipstrafikken på [Kystdatahuset.no](#)

Kommunen kan og importe farleier og navigasjonsinnretningar via Geonorge:  
<https://kartkatalog.geonorge.no/metadata/kystverket/navigasjonsinstallasjonerwms/80b7eb8-d5da-4136-8ec6-2002867a2b2b>

Kystverket har ikkje merknader til planprogrammet og imøteser det vidare samarbeidet.

Gjer vel å ta kontakt om ein ynskjer statistikk over skipstrafikken eller andre forhold som gjeld sjøverts ferdsel.

Med helsing

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*